



**FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE**

Forvaltingsplan for Eikevolltjønnyra naturreservat i Flora kommune



Rapport nr. 2-2014



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Fylkesmannen er Regjeringa og staten sin fremste representant i fylket, og har ansvar for at Stortinget og Regjeringa sine vedtak, mål og retningslinjer vert følgde opp. Fylkesmannen skal fremje fylket sine interesser, ta initiativ både lokalt og overfor sentrale styringsorgan.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for oppgåver knytt til helse- og sosialområdet, kommunal forvaltning, samfunnstryggleik, miljøvern, barn og familie, landbruk, utdanning og barnehage. Vi er om lag 120 tilsette, og er organisert slik:



HER FINN DU OSS:

Statens hus, Njøsavegen 2, Leikanger
Telefon 57 64 30 00 – Telefaks 57 65 33 02
Postadresse: Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Landbruksavdelinga:

Hafstadgården, Fjellvegen 11, Førde
Telefon: 57 64 30 00 – Telefaks 57 82 17 77
Postadresse: Postboks 14, 6801 Førde

E-post: fmsfpost@fylkesmannen.no Internett: <http://www.fmsf.no>

Framsidedfoto: Frå Eikevolltjønnyra. Foto: Johannes Anonby

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Rapport nr. 2-2014

Forfatter Christian E. Pettersen og Johannes Anonby (Fylkesmannen) på basis av framlegg frå Helge Fjeldstad og Geir Gaarder (Miljøfaglig Utredning)	Dato 30. juni 2014
Prosjektansvarleg Nils Erling Yndesdal	Sidetal 33 + vedlegg
Tittel Forvaltingsplan for Eikevolltjønnyra naturreservat i Flora kommune	ISBN 978-82-92777-43-5 ISSN 0803-1886
Geografisk område Sogn og Fjordane	Fagområde Naturvern
<p>Eikevolltjønnyra naturreservat i Flora kommune vart oppretta 18. juni 2004 som ein del av verneplan for myr i Sogn og Fjordane. Føremålet med vernet er å sikre eit låglandsmyrkompleks med alt naturleg plante- og dyreliv. Ein særskild kvalitet er det store mangfaldet av myr- og vegetasjonstypar. Området femnar om både ei velutvikla høgmyr, fattige og intermediære flatmyrar, og ulike habitat knytte til vassig og tjørner.</p> <p>Føremålet med forvaltingsplanen er å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Vere eit hjelpemiddel til å realisere føremålet med naturreservatet. Planen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneverdiane i naturreservatet• Klargjere kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det freda området• Gje grunneigarane og ålmenta innsyn i kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet• Definere bevaringsmål for naturreservatet <p>Bevaringsmål:</p> <ul style="list-style-type: none">• Laggen sør for høgmyra skal ha naturleg tilstand og utvikling utan påverknad av næringsstoff frå menneskeleg aktivitet• Eikevolltjørna skal ikkje gro att på grunn av unaturleg tilsig av næringsstoff• Flatmyra skal ikkje gro att med vier/einer/tre• Høgmyra skal bestå og ha naturleg utvikling• Verneområdet skal haldast fritt for framande treslag <p>Aktuelle skjøtselstiltak/påfølgjande undersøkingar:</p> <ul style="list-style-type: none">• Fjerning av gran• Setje i gang undersøkingar for å få meir kunnskap om opptørkingsprosessar og auka trevekst• Nærare undersøking av fuktenga nordaust i reservatet	
Emneord Naturvern, myr, forvaltingsplan, myrtypar	Ansvarleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Føreord

Eikevolltjønmyra naturreservat vart oppretta 18. juni 2004 som ein del av verneplan for myr i Sogn og Fjordane.

Miljøfaglig Utredning ved Helge Fjeldstad og Geir Gaarder utarbeidde på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane eit første framlegg til forvaltingsplan for naturreservatet i 2005. Rune Sigve Eikevoll og Marianne Stegane gav der verdfulle opplysningar m.a. om brukshistoria i området. Framlegget vart sendt på høyring til grunneigarane, kommunen og nokre andre relevante adressatar. Det kom inn tre fråsegner under høyringa; frå Hilde Stegane og Tor Helge Storevik, Økoringen Vest, og Flora kommune.

Oppdraget som Miljøfaglig Utredning hadde fått var relativt snevert retta mot tema relevante for erstatningssaka, og det første framlegget mangla omtale av fleire tema. Det endelege framlegget, som vart sendt på høyring 27.02.2014, var difor utvida med viktige moment som t.d. bevaringsmål, brukarinteresser, og informasjon og tilrettelegging. I løpet av den siste høyringa kom det inn fem fråsegner, frå Kjell Tonheim, Norges vassdrag- og energidirektorat, Statnett, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Statens vegvesen. Forvaltingsplanen er endra etter høyringa, og vi har prøvd å ta inn og ta omsyn til innkomne merknader.

Denne endelege forvaltingsplanen, vedteken av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, vert lagt ut på <http://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/>.

Leikanger, juni 2014

Gøsta Hagenlund (sign.)

ass. fylkesmiljøvernsjef

Innhald

1. Innleiing	7
1.1. Bakgrunn for vernet.....	7
1.2. Vern som naturreservat.....	7
1.3. Mål for forvaltingsplanen	8
2. Områdeskildring.....	10
2.1. Lokalisering	10
2.2. Naturtilhøve og verneverdiar	10
2.3. Brukshistorie og inngrepsstatus.....	14
3. Mål for Eikevolltjønnyra naturreservat	16
3.1. Forvaltingsmål.....	16
3.2. Bevaringsmål	16
4. Brukarinteresser.....	19
4.1. Husdyrbeite	19
4.2. Skogbruk.....	20
4.3. Drenering/vedlikehald av grøfter.....	23
4.4. Friluftsliv, jakt og fiske	24
4.5. Motorferdsel	25
4.6. Energi- og kraftanlegg	25
4.7. Båtopplag.....	26
5. Forvaltning.....	27
5.1. Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta.....	27
5.2. Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar	29
5.3. Grensemerking og skilting	29
5.4. Oppsyn.....	30
6. Oppfølging og tiltak	31
6.1. Overvaking av bevaringsmål	31
6.2. Skjøtsel	31
6.3. Behov for vidare undersøkingar.....	31
6.4. Informasjon og tilrettelegging	32
7. Referansar	33

Vedlegg

1. Verneforskrift
2. Vernekart
3. Artslister

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn for vernet

Eikevolltjønnyra naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 18. juni 2004. Verneområdet ligg i Flora kommune i Sogn og Fjordane fylke og dekkjer eit areal på om lag 135 dekar. Namnet er henta frå Eikevolltjørna som ligg sentralt i verneområdet.

Bakgrunnen for vernet av Eikevolltjønnyra ligg i verneplan for myr i Sogn og Fjordane. I St.meld. nr 68 (1980-81) *Vern av norsk natur*, er det lagt vekt på at det skal sikrast eit representativt utval av variasjonsbreidda i norsk natur. Gjennom handsaminga av meldinga, vedtok Stortinget gjennomføring av fylkesvise, tematiske verneplanar for våtmark, myr, sjøfugl og edellauvskog.

Arbeidet med verneplanen starta med ein registreringsfase der ei rekkje myrområde i fylket vart undersøkte. Ved val av verneområde vart det lagt vekt på at områda til saman skulle sikre eit representativt utval av variasjonen av myrtypar i fylket, både med omsyn til hydrotopografi og vegetasjon. Vidare var det eit mål å sikre eit utval av myrar som er veksestad for generelt sjeldne eller interessante plantar i norsk flora, eller veksestad for plantar som veks i ytterkanten av utbreiingsområdet sitt.

Verneplan for myr i Sogn og Fjordane vart vedteken 18. juni 2004, med 20 naturreservat fordelte på 14 kommunar.

1.2. Vern som naturreservat

Føremålet med vern er å sikre at kvalitetane i naturen vert tekne vare på for framtida. Vern som naturreservat er den strengaste av verneformene og vert m.a. brukt for område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, område som er viktige for biologisk mangfald, inneheld ein bestemt naturtype, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapeleg verdi. I eit naturreservat er det forbode å gjere noko som reduserer verneverdiane oppgjevne i verneføremålet, og dette inneber ei rekkje bruksavgrensingar som er definerte i verneforskrifta.

Føremålet med vernet av Eikevolltjønnyra naturreservat er å:

“... ta vare på eit låglandsmyrkompleks med et mangfald av myr- og vegetasjonstypar med tilhørande naturleg plante- og dyreliv. Området femnar om både ei velutvikla høgmyr, fattige og intermediære flatmyrar, og ulike habitat knytte til vassig og tjørner.” (jf. verneforskrifta § 2).

Eikevolltjønnyra naturreservat vart oppretta i medhald av naturvernlova av 1970. Denne lova er no oppheva og erstatta med naturmangfaldlova av juli 2009.

1.3. Mål for forvaltingsplanen

Ein forvaltingsplan skal vere eit praktisk hjelpemiddel til å oppretthalde og fremje formålet med vernet. Forvaltingsplanen skal sikre ei heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gi konkrete retningslinjer som konkretiserer verneforskrifta.

Ein forvaltingsplan skal:

- *Presisere og utdjupe verneføremålet i verneforskrifta og enkeltavgjerd*
- *Dokumentere tilstand for natur, kulturminne, kulturmiljø og brukarinteresser*
- *Definere forvaltingsmål og bevaringsmål for naturkvalitetar og brukarinteresser*
- *Definere naudsynte og/eller ønska tiltak*
- *Gje ein oversikt over oppgåver med ansvarsfordeling og mynde*
- *Gje retningsline for dispensasjonspraksis og bruk av verneområdet*
- *Gje rutinar for handsaming av saker etter verneforskrifta*

Hovudføremålet med forvaltingsplanen er å gje ei oversikt over tilstand og utfordringar i Eikevolltjønnyra naturreservat, klargjere nærare kva spelerom grunneigarar og andre brukarar har i det verna området, og å konkretisere naudsynte tiltak for å ivareta verneverdiane. Forvaltingsplanen byggjer på verneforskrifta og den kunnskapen som finst om verneområdet.

Forvaltingsplanen skal vere ei rettesnor for forvaltingsstyresmaktene si tolking av verneforskrifta, både når det gjeld dispensasjonspraksis og ulike praktiske tiltak som forvaltingsstyremakta vil setje i verk eller støtte. Planen skal også gjere allmenta og grunneigarane kjende med kva siktemål og strategi forvaltingsstyresmakta har for naturreservatet. Med det vil dei betre kunne planleggje eigne aktivitetar, og betre bidra til å fremje verneføremålet sjølve. Dei vil også ha eit betre utgangspunkt for initiativ overfor forvaltingsstyresmakta, og eit grunnlag for kvalitetskontroll av forvaltninga.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er forvaltingsstyresmakt for Eikevolltjønnyra naturreservat og står for planlegging (forvaltings- og skjøtselsplanar) og handsaming av saker etter verneforskrifta. Verneforskrifta er juridisk bindande, medan forvaltingsplanen er retningsgivande for Fylkesmannen si praktisering av forskrifta og gjennomføring av praktiske tiltak i naturreservatet. Forvaltingsstyresmakta er ansvarleg for skjøtsel. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i naturreservata, og tek i samråd med Fylkesmannen også på seg skjøtselsarbeid i verneområda så langt kapasiteten tillèt.

Revisjon av forvaltingsplanen bør skje når tilhøva i reservatet krev det, med grunnlag i erfaringar og vurderingar av konsekvensar av forvaltings- og skjøtselstiltak i reservatet. Som generell rettesnor er det tilrådd at forvaltingsplanar vert reviderte minst kvart 10. år, men dette er avhengig av behovet.

Det kan bli behov for å revidere bevaringsmåla med kortare mellomrom enn 10 år. Bruken av bevaringsmål er nytt i forvaltninga, og det kan difor bli naudsynt å justere bevaringsmål etter kvart som kunnskapen om naturverdiane i området aukar. Forvaltingsstyresmakta tek difor atterhald om at bevaringsmåla kan bli reviderte ved behov.

Definisjonar (frå Forvaltingshandboka, kap. 5 (DN handbok 17-2001))

Forvaltningsmål

Forvaltningsmål er et samlebegrep for alle målsettinger knyttet til et verneområde. Dette kan for eksempel være verdier/kvaliteter knyttet til areal, biologisk mangfold og naturtyper eller interesser knyttet til friluftsliv, brukerinteresser og næringsinteresser. Bevaringsmål er en presisering av forvaltningsmål knyttet til naturkvaliteter.

Naturkvalitet

Naturkvalitet er naturtyper, arter, geologi og landskap som skal bevares i et verneområde. Ett verneområde kan ha en eller flere naturkvaliteter som det er viktig å ta vare på. Naturkvalitetene framgår gjerne direkte av det overordnede verneformålet. I tillegg kan det være nødvendig å definere naturkvaliteter ut over verneformålet. Dette vil være aktuelt i verneområder der verneformålene er for generelle og for vage med tanke på naturkvalitetene. Ny kunnskap om f.eks. biologisk mangfold kan også ha kommet til etter at vernet ble etablert og verneformålet formulert.

Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden en ønsker en naturkvalitet i verneområdet skal ha. Bevaringsmål skal være målbare. Det vil si at de skal presiseres gjennom mål for areal, nødvendige strukturer/prosesser og/eller forekomst av bestemte arter osv, jf. kap. 5.7.4

2. Områdeskildring

2.1. Lokalisering

Eikevølltjønmyra naturreservat omfattar eit myrområde kring Eikevølltjørna nordvest for Storelva, rett ved Storebru i Flora kommune. Reservatet er avgrensa av jordbruksareal mot vest og aust, veg i sør og ein ås med riksveg i nord.



Flyfoto som viser Eikevølltjønmyra naturreservat og kringliggande område. Vernegrensene er merkte med raudt.

2.2. Naturtilhøve og verneverdiar

I arbeidet med verneplan for myr i Sogn og Fjordane vart Eikevølltjønmyra naturreservat vurdert til å vere nasjonalt verneverdig (Flatberg 1976). Eikevølltjønmyra utgjer eit særskild variert låglandsmyrkompleks, med fleire ulike myr- og vegetasjonstypar. Området femnar om ei velutvikla høgmyr, fattige og intermedieære flatmyrar, og ulike habitat knytte til vassig og tjørner. Vidare inneheld området fleire plantar som er sjeldsynte på Vestlandet, som blystorr, nykkesiv og grassigd. Den intakte tilstanden og lokaliseringa i boreonemoral sone er også kvalitetar som gjev høg verneverdi.

Vegetasjon og hydrotopografi

Skildringa av vegetasjonen og hydrotopografien er basert på arbeida til Flatberg (1976), Singasaas & Moen (1985), Fjeldstad & Gaarder (2005), og synfaringar utførte av miljøvernavinga ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. For ei innføring i variasjon og klassifisering av myrtypar, og vegetasjon på myr, sjå framlegget til verneplan for myr i Sogn og Fjordane (2001) og rapporten "Kunnskapsstatus og innspill til faggrunnlag for oseanisk nedbørmyr som utvalgt naturtype" (Moen med fleire 2011).

Naturreservatet er dominert av våtmarksmiljø, og myrar opptek saman med Eikevolltjørna, vassig og sumpskog størsteparten av arealet. Området elles er for det meste prega av skogkledd kantsoner.

Omkring Eikevolltjørna ligg det minerotrofe flatmyrar av fattig og intermediær karakter. På desse dominerer mjukmatte- og lausbotnvegetasjon, men det er også innslag av fastmatter. I fastmattene er småbjønnskjegg den vanlegaste arten, med innslag av mellom anna flaskestarr, blåtopp, blåknapp, tepperot og klokkelyng. I tillegg inngår også mot myrkanten meir typiske heiplantar som heisiv, storbjønnskjegg, kystmyrklegg og storblåfjør. I botnsjiktet dominerer kysttorvmose, med innslag av mellom anna fløyelstorvmose og heitorvmose.



Flatmyrar og lagg på vestsida av Eikevolltjørna. Foto: Johannes Anonby

Mykmattene er i botnen dominerte av fagertorvmose, flotorvmose, vasstorvmose, dels også lurvtorvmose. Som eit sjeldant innslag har ein bjørnetorvmose, som er sjeldan langs kysten av Vestlandet. I feltsjiktet er det spreidde førekomstar av flaskestorr, kornstorr, kvitmyrak, og dessutan sivblom som eit austleg innslag i myrfloraen. Pors er vanleg både i fast- og mjukmatter.

Dei meir flark-arta lausbotnområda er utan botnsjikt, medan feltsjiktet består av artar som smalsoldogg, dikesoldogg, myrkråkefot, blystorr, kvitmyrak, brunmyrak og nøkkesiv. Med unntak av smalsoldogg og kvitmyrak, er dette alle artar som er sjeldne i myrvegetasjonen i fylket.

Den vestlege halvparten av verneområdet er dominert av ei velutvikla høgmyr som nokså tydeleg reiser seg opp frå flatmyrane langs Eikevolltjørna. I vest går høgmyra gradvis over i dyrka fastmark, medan det i nord- og sørenden har utvikla seg ein svak lagg der vatnet frå høgmyra samlar seg. Høgmyra har markerte formasjonar av store tuer og eit uregelmessig

nettverk av erosjonshøljer, og har med det stor spennvidde i ulike veksemiljø knytte til nedbørsmyr, med ulike artssamfunn.



Høgmyra sett frå nord. Foto: Johannes Anonby



Nettverk av tuer og erosjonshøljer på høgmyra. Foto: Johannes Anonby

Tuene er dominerte av røsslyng, med spredde små furu- og bjørketre. Botnsjiktet er prega av heigråmose, furutorvmose og furumose, men har interessante innslag som blåmose og rusttorvmose. I erosjonshøljene dominerer torvull og bar torv, men det finst også fastmattefragment med dominans av kjøttorvmose, vortetorvmose og dvergtorvmose i botnsjiktet, og torvull og småbjønnskjegg i feltsjiktet. Mindre mjukmatter med vasstorvmose og kvitmyrak som dei viktigaste artane finst også. Her er det også spredde førekomstar av duskull.

Laggen på sørsida av høgmyra drenerer austover mot tjørna. Laggen får tilført noko vatn frå dyrka mark, og har intermediær, minerotrof vegetasjon. I feltsjiktet er det påvist artar som hundekvein, slåttestorr, stjernestorr, flaskestorr, duskull, myrmjølke, bukkeblad, engrapp, stor myrfiol og bekkestjerneblom. Botnsjiktet er dominert av bleiktorvmosar (*Sphagnum flexuosum* i vid tyding).

Laggen på nordsida er oppstykkja og utydeleg, og på fleire stader er det ein bekk med opphav vest for verneområdet som tek imot vatnet frå høgmyra. Vegetasjonen i laggen er av intermediær karakter, men meir busk- og trekledd enn laggen i sør, med spreidde førekomstar av furu og bjørk. Dels inngår mykje gråor, einer og pors.

Myrområdet er i nord og i sør omgitt av furu-dominerte åsar med eit feltsjikt dominert av lyngplantar. Her og der er det også innslag av bjørk, og i åssida i nord er det to plantefelt med gran. I aust er utkanten av reservatet prega av furuskog, sumpskog og fukteng. I vest strekkjer myra seg i parti heilt fram til vernegrensa.

Dyreliv

Det er ikkje gjennomført systematiske registreringar av dyrelivet i verneområdet. Fuglar som er observert i samband med Fylkesmannen sine synfaringar er lista opp i vedlegget. Grunneigarane har i tillegg rapportert om hekkande stokkand og krikkand, og observasjonar av siland og skarv om hausten. Det er ønskjeleg med meir undersøking av dyrelivet for å kunne forvalte eventuelle zoologiske verneverdiar betre.

Framande artar

Førekomstar av framande artar kan utgjere ein trussel mot det stadeigne biologiske mangfaldet og må følgjast opp i forvaltninga. I åssida opp mot riksvegen finst det plantefelt med gran, både innanfor og rett utanfor vernegrensa. Det finst også noko frøspreidd ung gran lenger inn i reservatet. Elles er ingen framande artar kjende innafør verneområdet.



Eit av plantefelta med gran som ligg innanfor naturreservatet. Foto: Johannes Anonby


Gran er etter definisjonane i naturmangfaldlova § 3 framande organismar i Sogn og Fjordane. Ho er også den framande arten som utgjer den største trusselen mot det biologiske mangfaldet i fylket. Granplanting har store negative konsekvensar for naturmiljøet fordi trea er skuggetolande og rike på bar og greiner som både skuggar ut og lagar eit surt strø på skogbotnen. I dei tette plantingane dør den opphavlege vegetasjonen ut. I handlingsplan mot framande artar i Sogn og Fjordane (Haavik, 2013) er det eit mål å fjerne gran frå verneområda i fylket.

2.3. Brukshistorie og inngrepsstatus

Myrområdet kring Eikevølltjørna har gjennom tida vore nytta til fleire forskjellige føremål. Mellom anna har det vore teke ut ved frå området, og det vart planta gran i åssida nord for Eikevølltjørna for om lag 35 år sidan. Frå Tjørnahaugen, heilt aust i naturreservatet, er det og teke ut sand og grus (Fjeldstad & Gaarder 2005).

Området har i lang tid vore nytta til beiting. Då Flatberg undersøkte myrområdet i 1971 (Flatberg 1976) vart det registrert ein viss gjødseleffekt frå beitedyra, men myrvegetasjonen såg ikkje ut til å ha vore nemneverdig påverka.

Myrområdet har vore utsett for grøfting ved fleire høve. I samband med myrundersøkingane til Flatberg i 1971 vart det funne restar etter ei gamal myrgrøft nordaust for Eikevølltjørna, men det vart konkludert med at inngrepet ikkje hadde avgjerande påverknad på myrvegetasjonen. Då myrområdet vart besøkt på ny i 1984 (Singsaas & Moen, 1985) vart det registrert at dei gamle grøftene var utvida. Dette gjaldt ei grøft frå dyrka mark i aust på skrå sørvest-over ned mot Eikevølltjørna, og ei grøft frå den litle tjørna i aust i retning Eikevølltjørna. Dessutan var utløpet frå Eikevølltjørna grave djupare og i tillegg var dette forlenga med ein kanal direkte ut i elva. Ingen av inngrepa såg ut til å ha særleg effekt på dei viktigaste delane av myra, og vasstanden verka uendra. Likevel var eit mindre parti mellom dei to grøftene i nordaust ein del påverka ved at det var komme inn kulturavhengige planteartar. Singsaas & Moen foreslo å fylla att den største grøfta ut frå Eikevølltjørna.



*Kanalen som utgjer utløpet av Eikevølltjørna.
Foto: Johannes Anonby.*

Miljøfaglig Utredning var på synfaring i myrområdet i 2005 (Fjeldstad & Gaarder 2005) og fann tendensar til attgroing med lauvtre på flatmyrane, særleg i vest. Attmed grøfta som er graven i søraust vart det registrert ung bjørkeskog med rogn og selje. Likevel vart det

konkludert med at dei viktigaste naturverdiane som høgmyra og blautbotnpartia med dei uvanlege plantane ikkje så ut til å vere truga av denne utviklinga.

I vest grensar myra i parti mot dyrka mark, og dette resulterer utvilsamt i noko gjødselseffekt på laggen sør for høgmyra. Også i nordaust grensar myra til dels mot dyrka mark. Her er det tidlegare identifisert ein viss gjødselseffekt, men myrvegetasjonen såg ikkje ut til å vere nemneverdig påverka (Flatberg 1976).

I nord ligg reservatet tett inntil riksveg 5 og kan på den måten vere utsett for negative miljøeffektar frå vegsalting. Det er kjent at salting av veg mellom anna kan resultere i endringar i vasskvalitet og skadar på vegetasjon (Amundsen med fleire 2008). På bakgrunn av dette planlegg Statens vegvesen å setje i gang nærare undersøkingar av saltinga på staden.

Fire kraftliner på høvesvis 22, 66, 132 og 420 kV kryssar verneområdet. For dei tre førstnemnde er det også bygd master innanfor verneområdet. Kraftlinene representerer både ein kollisjonsfare og ein risiko for at større fuglar døyr som følgje av elektrokusjon. Verneområdet er brukt mellom anna av songsvaner og diverse vadarar og ender. Dette er fuglar som av røynsle er utsette for dødsfall knytte til kraftliner (Ålbu 1983; Bevanger 2011). Det er også mogleg at kraftlinene kan utgjere ein fare på grunn av elektromagnetisk stråling. Det finst forskning som viser indikasjonar på at det kan vere ein samanheng mellom elektromagnetisk stråling og sjukdom hos menneske og dyr, og at m.a. fugl kan bli påverka, både i åtferd, reproduksjonssuksess, vekst, fysiologi, m.m. (Ferne & Reynolds 2005). Dette er likevel eit forskingsområde som krev ytterligare forskning (Bevanger 2013).



Dei tre straumlinene som kryssar naturreservatet. Foto: Johannes Anonby

3. Mål for Eikevolltjønnyra naturreservat

3.1. Forvaltingsmål

Tidlegare naturvernlov, og noverande naturmangfaldlov, har som utgangspunkt at naturreservat er område som skal skjermast mot inngrep på ein slik måte at naturen kan leve fritt etter sine eigne lover. I si reindyrka form er dette derimot sjeldan tilfelle, og verneforskrifta legg ikkje opp til at all bruk eller menneskeleg nærvær skal ta slutt når eit område vert verna. Eitt viktig unntak er menneskeleg bruk som gjer så lite skade i høve til nytteverdiane, at bruken kan halde fram. Eit anna unntak er der det allereie er gjort ulike inngrep som må rettast på eller ryddast opp for at området skal kunne få attende meir av den ønskte naturtilstanden.

Eit kanskje endå sterkare avvik har vi dersom sjølve verneføremålet er avhengig av ein viss bruk eller påverknad for å kunne oppfyllast. Mest utprega er dette dersom eksplisitte kulturlandskap eller kulturskapt element inngår i verneføremålet. Grensa mellom kulturlandskap og naturlandskap er ikkje alltid lett å trekkje. Ofte kan det vere vanskeleg å avgjere om dei einskilde miljøverdiane i naturen finst på grunn av, trass i, eller uavhengig av, menneskeleg påverknad.

Dette spørsmålet er også aktuelt for verna myrområde. Både hogst, beiting og myrslått har påverka myrane, og kan ha ein del å seie for korleis myrane ser ut og utviklar seg. Om framhald av slike bruksformer er ønskeleg, eller jamvel naudsynt, er ikkje alltid like opplagt. Ulike artar og artssamfunn har ulike miljøkrav. T.d. er rikmyr under skoggrensa truleg i stor grad avhengig av slått for at ikkje tre og buskar skal gro opp og fortrengje mange av dei spesielle rikmyrartane. Trevegetasjon på myr er eit komplisert tema. Under nokre tilhøve vil trea kunne øydeleggje torvveksten ved å kvele mosane i lauv- og nålestrø, og/eller ved å suge til seg vatn slik at torva tørkar opp. Under andre tilhøve kan det sjå ut som tresetnaden er eit meir eller mindre stabilt karaktertrekk, som ikkje er noko trugsmål, men tvert om ein viktig del av myr-økosystemet. Uttak av torv og graving av grøfter og kanalar bidreg til lokalt auka opptørking og mineralisering av tilstøytande torv, noko som kan favorisere trevekst.


Myrar, og kanskje særleg dei mest fattige, endrar seg relativt lite over tid samanlikna med ein del andre naturtypar. Det gjer det også vanskelegare å sjå om systemet faktisk er relativt stabilt, eller er i ein langsam endringsprosess. Kanskje er det snakk om meir eller mindre sykliske endringar, anten som ei følgje av indre, sykliske prosessar, eller ytre faktorar som klimaendringar, menneskeskapt eller naturlege.

Fylkesmannen vil ha som utgangspunkt at det å ta vare på den naturlege dynamikken i eit myrområde er ein viktig del av verneføremålet, og at noko av målet med opprettinga av eit myrreservat er å sjå og lære korleis eit myrkompleks lever og utviklar seg naturleg. Ikkje minst gjeld dette eit område som Eikevolltjønnyra, der myrtypane er det mest sentrale vernemotivet. Dersom det syner seg at viktige artar eller artssamfunn, eller karakteren på myrkomplekset, er avhengig av aktive skjøtselstiltak for å verte tekne vare på, må forvaltingsstyresmakta setje i verk dei tiltaka som trengst.

3.2. Bevaringsmål

Bevaringsmål definerer den tilstanden som ein ønskjer at ein naturkvalitet i verneområdet skal ha. Føremålet med bevaringsmåla er å kunne overvake utviklinga, og måle tilstanden for nokon av naturkvalitetane som er viktige for verneføremålet.

Basert på dagens tilstand i naturreservatet, har vi reint praktisk delt verneområdet i fem geografisk avgrensa bevaringsmålobjekt som vi har knytt bevaringsmål til. Målet er at alle tilstandsvariablane som det er fastsett bevaringsmål for skal vere i tilstandsklasse «god». Der tilstandsklassen er «moderat» eller «dårleg» må det setjast i gang relevante tiltak for å betre tilstanden.



Tabell 1. Bevaringsmål for Eikevolltjønnyra naturreservat. Overvakinga starta opp i 2013 og skal gjennomførast på nytt kvart tredje år. Det er utarbeidd ein instruks for korleis overvakinga skal gjennomførast som er tilgjengeleg på førespurnad.

Bevaringsmål-objekt	Bevaringsmål	Tilstandsvariabel	Overvakingsmetode	Tilstandsklassar		
				God	Moderat	Dårleg
Sørleg lagg	Laggen skal ha naturleg tilstand og utvikling utan påverknad av næringsstoff frå menneskeleg aktivitet	Førekomst av dei nitrofile plantane mjørdurt/vrangdå/takrøyr/strandrøyr langs synfaringsline oppdelt i segment på ein halv meter (vegetasjonssamansetning)	Strukturert synfaring	Ingen av linesegmenta har førekomstar av dei nemnde nitrofile plantane	Opptil 15 % av linesegmenta har førekomstar av dei nemnde nitrofile plantane	Fleire enn 15 % av linesegmenta har førekomstar av dei nemnde nitrofile plantane
Eikevolltjørna	Tjørnet skal ikkje gro att på grunn av unaturleg tilsig av næringsstoffar	Førekomst av gjengroingsartane takrøyr og strandrøyr langs kanten av tjørnet (eutrofieringstilstand)	Strukturert synfaring	Ingen førekomstar av dei nemnde gjengroingsartane	Ein til tre førekomstar av gjengroingsartar med minst ein meters avstand i mellom	Fleire enn tre førekomstar av gjengroingsartar med minst ein meters avstand i mellom
Flatmyrane	Flatmyrane skal ikkje gro att med vier/einer/tre	Førekomst av vier/einer/tre langs synfaringsline oppdelt i segment på ein meter (gjengroingstilstand)	Strukturert synfaring	Under 10 % av linesegmenta har innslag av vier/einer/tre	Mellom 10 og 40 % av linesegmenta har innslag av vier/einer/tre	Fleire enn 40 % av linesegmenta har innslag av vier/einer/tre
Høgmyra	Høgmyra skal bestå, og ha naturleg utvikling	Førekomst av jordvassindikatorane duskmyrull/flaskestorr/elvesnelle/bukkeblad langs synfaringsline (vegetasjonssamansetning)	Strukturert synfaring	Fråvær av jordvassindikatorar	Ein til fem førekomstar av jordvassindikatorar med minst ein meters avstand i mellom	Fleire enn fem førekomstar av jordvassindikatorar med minst ein meters avstand i mellom
Heile verneområdet	Verneområdet skal heldast fritt for framande treslag	Førekomst av dei framande treslaga gran/sitkagran/platanlønn (framandartsinnslag)	Totalteljing	Ingen framande treslag observert	Ingen førekomst av framande treslag utanfor eksisterande granfelt	Førekomst av framande treslag også utanfor granfelt

4. Brukarinteresser

4.1. Husdyrbeite

Status

Myrområdet har tidlegare vore i bruk som beiteland, men det har ikkje vore beita der i dei seinare åra.

Rammer og regelverk

Vernereglane er ikkje til hinder for beite, jf. § 4 punkt 5 i verneforskrifta, men Miljødirektoratet kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av naturreservatet.

Dette inneber at det ikkje er restriksjonar på beiting. Om det skal leggjast slike restriksjonar, vil det måtte skje i form av ei særskild forskrift, som må sendast på formell høyring, og der naturmangfaldlova sine reglar om økonomisk erstatning gjeld.

Retningslinjer for forvaltninga

Fylkesmannen sitt mål for beiting i Eikevolltjønnyra naturreservat er at beiteressursen gjerne kan utnyttast, så lenge det ikkje er til påviseleg skade for verneverdiane, eller dersom nytteverdien for viktige vernemotiv er større enn eventuelle skadeeffektar.

Fylkesmannen vil difor ikkje føreslå noka eiga beiteforskrift for Eikevolltjønnyra med mindre det syner seg å vere trong av omsyn til verneføremålet. I og med at beitinga i utmark generelt er redusert i vår tid, er auka trevekst og attgroing av tidlegare kulturlandskap eit gjennomgåande fenomen – og til dels problem. Myrar, spesielt jordvassmyrar, vil normalt få kraftigare tresetnad i fråvær av slått eller beiting, noko som i varierende grad kan utgjere trugsmål mot artar og artssamfunn, eller jamvel mot sjølve føresetnadene for levande torvmosesjikt. Det er difor gode grunnar til å rekne med at beiting kan vere positivt for myrområdet. Likevel kan beiting også ha negative konsekvensar. Mange myrtypar er slitasjesvake, slik at dei toler lite trakk før plantedekket og torvmosesjiktet vert øydelagde. Spesielt langs gjerde kan slitasjen verte stor. Beiting kan vidare gå ut over visse planteartar som dyra liker spesielt godt. Sjølv om høgmyr er lite attraktivt som beite, kan dyr som beiter i nærleiken bruke høgmyr som ferdselsveg eller opphaldsstad, og leggje att ein del gjødsel. I og med at plantar på høgmyr er tilpassa svært låge nitrogennivå, vil dette kunne skape merkbare endringar dersom det får noko omfang.

I og med at beiting ikkje er regulert av verneforskrifta, kan forvaltingsstyresmakta neppe påleggje brukarane å melde frå om t.d. planar om auka dyretal, andre dyreslag eller om å ta nye areal i bruk til beiting. Oppsetjing av gjerde må det derimot søkjast om. Då forvaltingsstyresmakta og brukarane har ei felles interesse i å unngå negative effektar som kan utløyse nye restriksjonar, vil Fylkesmannen like fullt oppmode om at brukarane informerer om planar om endringar som kan føre til auka slitasje etc. i naturreservatet. Verknadene av eksisterande beiting bør vere eit tema for overvaking.

4.2. Skogbruk

Status

Det har vore teke ut ved frå området tidligare, og det er framleis interesse for hogst. Gran har vorte planta inn i nord i kanten av reservatet. Desse granene har vakse seg til tette bestand som konkurrerer med den stadeigne skogen.

Potensialet for økonomisk skogbruk i naturreservatet er sterkt redusert som følgje av vernestatusen. Det gjeld både forbodet mot treslagskifte, forbodet mot planting (også av stadeigne artar), forbodet mot hogst, og strenge krav til eventuell køyring over myrane. For utnyttinga av skogen er det difor eit springande punkt om det er miljøfaglege argument for eit visst uttak av tre (sjå nedanfor).

Skogtakst for naturreservatet vart utarbeidd av Sogn og Fjordane skogeigarlag v/Dag Aamot som ledd i erstatningssaka. Skogtaksten inneheld eit kart som syner avgrensinga av dei ulike skogbestanda, og opplysningar om bonitet, treslag, kubikkmasse m.m. på desse. Denne inndelinga av reservatet i ulike skogbestand er lagt til grunn i forvaltingsplanen. Frå bestandsoversikta kan det trekkjast fram følgjande nøkkeltal (sjå tabellen nedanfor):

Tabell 2. *Utdrag frå bestandsoversikt for Eikevølltjønnyra naturreservat, utarbeidd av Dag Aamot sommaren 2005. Volum og tilvekst er oppgjeven i m³ og areal i dekar. Bestandsnummer 0,41 er "skrap" og bestandsnummer 0.45 er andre markslag. Gnr=gardsnummer, Bnr=bruksnummer og Tnr=teignumner.*

Gnr.	Bnr.	Tnr	Bestand	Areal	Bonitet	H.kl	Alder	Volum	Tilvekst
60	1	1	0,45	87,6	Andre	-	-	-	-
60	1	1	1	3,5	11	51	100	57	1,1
60	1	1	2	1,0	23	41	40	42	2,2
60	1	1	3	1,8	14	31	30	14	0,9
60	1	1	4	3,3	14	31	25	9	1,0
60	1	1	5	5,3	11	25	-	-	-
60	1	1	6	2,8	11	51	100	33	0,8
60	5	1	0,45	27,5	Andre	-	-	-	-
60	5	1	1	8,0	11	41	70	62	2,4
60	5	1	2	2,0	11	31	20	5	0,6

Rammer og regelverk

Verneforskrifta har i utgangspunktet eit forbod (i § 3) mot å fjerne plantar, medrekna daude tre, og gjere inngrep som kan endre naturmiljøet, men gjev i § 5 forvaltingsstyresmakta heimel til å tillate "Hogst, og naudsynt motorferdsel i samband med dette".

Erstatningssaka etter opprettinga av naturreservatet vart løyst i form av forlik mellom staten og grunneigarane, der staten gav erstatning for tapt skogproduksjon. Forliket inneheldt ikkje nærare spesifiserte føresetnader om skogbruk ut over dei som ligg i sjølve verneforskrifta.

Retningsliner for forvaltninga

Det er eit mål å ta vare på Eikevølltjønnyra naturreservat i mest mogleg naturleg tilstand. Pr. i dag er det neppe mogleg å slå fast om myra som landform og naturtype er best tent med at all skog får stå urørt, eller at det vert drive eit visst uttak av tre. Det er kjent at skog har evne til å utkonkurrere myrvegetasjon og gjere ende på torvveksten, ved uttørking av torva og/eller at mosesjiktet vert kvelt av strø frå trea. I kva grad det vil skje i det einskilde myrområda, eller om miljøfaktorane på staden gjev rom for stabil sameksistens, er ikkje lett å

avgjere. Tresetnad er i alle høve ein naturleg del av svært mange myrkompleks, og har viktige biologiske funksjonar.



Gjengroing kan vere ein trussel mot verneføremålet, men det må skiljast mellom naturlege gjengroingsprosessar og gjengroing som er eit resultat av menneskelige inngrep. Foto: Johannes Anonby.

I frávær av sikker kunnskap om kva som vil skje i eit myrområde som vert overlate til fri utvikling, har Miljøfaglig Utredning gjeve bestandsvise tilrådingar for Eikevolltjønnyra, basert på at hogstuttaket ikkje skal gripe avgjerande inn i karakteren og funksjonen til skogen i verneområdet. Rett nok er det pr. i dag neppe økonomisk interessant å drive den forma for skogbruk, slik at hogstuttak i Eikevolltjønnyra dei næraste åra truleg vil vere avgrensa til skjøtselstiltak i regi av forvaltingsstyresmakta, spesielt fjerning av gran. For grunneigarane kan det likevel vere viktig å ha høve til å ta ut trevyrke om dei vil. Så lenge det ikkje ligg føre klare miljøfaglege argument for noko anna, bør difor dei retningslinene fungere som rettesnor for vedtak om løyve, gjerne fleirårige.

Bestandsvise retningslinjer for skogbruk

I kartet på neste side har Miljøfaglig Utredning teikna inn område for hogstuttak på kartet som Skogeigarlaget v/Dag Aamot har laga over nummererte skogbestand. Dei bestandsvise retningslinene nedanfor refererer til desse bestandsnummera, saman med gards- og bruksnummer (jf. også tabell 2).


Generelt vert det opna for noko hogst i vest der hogsten ikkje føreset drift over myr. Det vert ikkje tillate hogst i furumyrskogen i nordvest då vi ønskjer å ta vare på den naturlege gradienten mellom fastmark, kantskog og myr. Maksimalt uttak er sett til om lag tilveksten i bestandet med fråtrekk av kantsone mot myra.

Følgjande punkt bør vere oppfylte ved hogst etter dei bestandsvise retningslinene:

1. All hogst føreset eigen søknad, og kan berre godkjennast under føresetnad av at han ikkje gir større skadar på markvegetasjonen. Det må ikkje køyrast i reservatet, og

virket må vinsjast ut. Unntak frå dette kan gjelde i samband med uttak av større granbestand.

2. Innførte artar som gran bør hoggast ned innafor heile området. Dette gjeld utan nærare restriksjonar ut over dei som er oppgitte i punkt 1.
3. Daude tre skal ikkje ryddast vekk, men berre få liggje i ro på staden.
4. Ved hogst skal det setjast av kantsoner 10-15 m mot vassdrag og myr. Lukka hogstar må nyttast ved hogst i overgangssona mot fastmark, og det bør ikkje hoggast i sumpskog. Ved avverking i furuskog bør det praktiserast naturleg forynging, og generelt skal det alltid setjast att minst 5-10 livsløpstre pr. ha. Livsløpstrea skal veljast blant dei eldste trea i bestandet.



Bestandskart over reservatet, med område der lukka hogstformer kan praktiserast.

Gnr./Bnr./Tnr. 60/1/1

Bestand 0,45: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2.

Bestand 1: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2. Grana i bestandet bør takast ut i løpet av 3-5 år. Av omsyn til skade på marka må dette skje på frosen mark eller at virket vert vinsja ut.

Bestand 2: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2. Grana i bestandet bør takast ut i løpet av 3-5 år. Av omsyn til transporttilhøva bør dette skje på frosen mark.

Bestand 3: Bestandet ligg i nordaustre del av reservatet lett tilgjengeleg frå dyrka mark.

Hogst av ved vert tillate etter søknad, under følgjande føresetnader (strekpunkt 1-5):

- Hogsten skal ikkje gje større skadar på markvegetasjonen, jf. punkt 1.
- Hogst av stadeigne treslag vert tillate først etter at innførte artar som gran er hogde.
- Hogst av eldre lauvtre (diameter over 30 cm i stubbeavskjer) vert ikkje tillate.
- Det må nyttast lukka hogst og attsetjing av minst 30 tre pr daa.
- Maksimalt uttak er 5 m³ for ein tiårs-periode (i gjennomsnitt 0,5 m³ i året).

Bestand 4: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2.

Bestand 5: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2. Bestandet har ungskog og kan med tida bli aktuell for hogst, og då kan ein ta ut eit volum tilsvarande 50 % av tilveksten.

Bestand 6: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2.

Gnr./Bnr./Tnr. 60/5/2

Bestand 0,45: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2.

Bestand 1: Bestandet ligg lett tilgjengeleg frå dyrka mark i vest. Hogst av furu og lauv vert tillate etter søknad, på den delen av bestandet som ligg sør for kraftlinja, under følgjande føresetnader (strekpunkt 1-5):

- Hogsten skal ikkje gje større skader på markvegetasjonen jf. punkt 1.
- Hogst av stadeigne treslag vert tillate først etter at innførte artar som gran er hogde.
- Hogst av eldre lauvtre (diameter over 30 cm i stubbeavskjer) vert ikkje tillate.
- Det må nyttast lukka hogst og attsetjing av minst 30 tre pr daa.
- Maksimalt uttak er 2 m³ for ein tiårs-periode (i gjennomsnitt 0,2 m³ i året).

Bestand 2: Ingen uttak, med eventuelt unntak av tiltak som nemnde i punkt 1 og 2.

4.3. Drenering/vedlikehald av grøfter

Status

Det er grave fleire grøfter i og omkring naturreservatet. I tillegg er fleire bekkeløp gravne djupare. Inngrepa har hatt påviselig negativ effekt, men dei viktigaste naturverdiane ser ikkje ut til å vere truga.

Rammer og regelverk

I verneforskrifta er det eit forbod mot drenering og andre former for tørrlegging av myr, jamfør § 3 punkt 1 og 3. Søknadspliktige unntak er vedlikehald av grøfter som drenerer eksisterande dyrka mark, i tillegg til vedlikehald av utløpet frå Eikevolltjørna og vassløp mellom tjørnene for å oppretthalde stabilt vassnivå i tjørnene (jf. § 5 punkt 7 og 8).

Retningsliner for forvaltinga

Eksisterande grøfter og kanalar kan i utgangspunktet reinskast (medrekna fjerning av tre som stenger vassløpet), men må ikkje gravast djupare eller breiare enn dei var ved vernetidspunktet. Ved reinsking skal opptekne massar fjernast frå reservatet, og det skal ikkje gjerast andre inngrep i reservatet i samband med reinskinga. Det kan ikkje påreknast løyve til grøfting der dette vil senke vasstanden i reservatet.

Når det gjeld effektane av tidligare grøfting av myra er det behov for meir kunnskap om moglege, langsiktige opptørkingseffektar. Det kan vere aktuelt å t.d. aktivt fylle att grøfter og bekkeløp som har vore gravne djupare før vernetidspunktet, dersom dei viser seg å føre til gradvis opptørking og/eller treoppslag. Alternativt kan ein late vere å vedlikehalde grøftene. Slike tiltak krev at forvaltingsstyresmakta drøfter saka med aktuelle grunneigarar og gir kompensasjon for skade på dyrka mark.

4.4. Friluftsliv, jakt og fiske

Status

Eikevolltjønmyra framstår ikkje som noko spesielt attraktivt turområde. Friluftslivet i området vil difor truleg i hovudsak avgrense seg til vitjing av reservatet og myrområdet ut i frå naturfagleg interesse, og litt jakt og fiske.

Rammer og regelverk

Jakt og fiske følgjer dei ordinære reglane i respektive lover. Vanleg, omsynsfull ferdsel er generelt tillate, men det er verdt å merkje seg forbodsreglane, at m.a. plukking av plantar, bålbrenning og riding er forbode. Dessutan seier verneforskrifta (§ 3, punkt 5) at "Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement", er forbode, og at "Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av naturreservatet". Etter søknad kan forvaltingsstyresmakta til ein viss grad gje løyve (§ 5, punkt 5) til aktivitetar nemnde i § 3, punkt 5.

Retningslinjer for forvaltinga

Myr er gjennomgåande meir sårbar for terrengslitasje enn det meste av utmarka elles, og er normalt heller ikkje så attraktiv for t.d. turgåing, teltleirar og idrett. Fylkesmannen vil difor ikkje aktivt oppmuntre til auka ferdsel i naturreservatet. Eit viktig unntak er tilrettelegging for formidling av naturkunnskap og kulturhistorie, i den grad det kan gjerast i form av tilrettelegging av informasjonspunkt eller stiar på stader som toler noko meir trakk. Slike tiltak i regi av forvaltingsstyresmakta må drøftast med grunneigarane i førekant, for å unngå problem med t.d. trakk på inmark, uheldige parkeringar etc.

Med søknadspliktige tilstellingar i høve til forbodsregelen i § 3 pkt.5 forstår Fylkesmannen aktivitetar som ulike personar, organisasjonar og instansar har planlagt i førekant, og som dei har gjort kjent gjennom plakatoppslag eller kunngjeringar offentleg eller blant eigne medlemmer. Utferder med heile skuleklassar må også reknast som søknadspliktige. Ved tvil bør forvaltingsstyresmakta alltid kontaktast.

Ved handsaming av søknader om organisert aktivitet vil Fylkesmannen vere restriktiv til aktivitetar som like godt kan leggjast til andre utmarksområde. Både orienteringsløp og utlegging av turorienteringspostar i verneområdet vert vurderte som søknadspliktige. Dette er aktivitetar som vil kunne føre til stor terrengslitasje, og som med føremon kan leggjast utanfor naturreservatet, og Fylkesmannen vil difor vere restriktiv.

Ein annan kategori av organiserte aktivitetar er dei som er knytte spesifikt til naturreservatstatusen og dei miljøverdiane som reservatet er oppretta for å verne. Dette kan vere alt frå lokale skuleklassar som har miljølære, eller naturfaglege organisasjonar som steller til ekskursjonar, og til kommersielle føretak som sel guida turar til interesserte turistar. Også slike grupper kan setje uakseptable spor i sårbart terreng. Samstundes ligg noko av

verdien i å opprette naturreservat nettopp i høvet til at allmenta, både bygdefolk og tilreisande, kan få formidla naturinformasjon.

Fylkesmannen vil ikkje gå inn for forskrift til regulering av ferdsla med mindre det oppstår dokumenterte problem som ikkje lèt seg løyse gjennom positive informasjons- og tilretteleggingstiltak.

4.5. Motorferdsel

Status

Slik Eikevolltjønmyra ligg, er det neppe særleg trong for motorferdsel, verken frå grunneigarane eller andre, og motorferdsel er då heller neppe noko problem for naturkvalitetane i naturreservatet i dag.

Rammer og regelverk

Verneforskrifta § 3, punkt 4 seier at "*Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.*" I dei fleste tilfella vil dette også vere forbode etter motorferdselslova.

Retningslinjer for forvaltninga

Då myr generelt er sårbar for slitasje, vil Fylkesmannen vere restriktiv overfor eventuelle søknader om motorisert ferdsel i naturreservatet. Køyring på barmark vil neppe verte gjeve løyve til, anten det gjeld henting av sjuke beitedyr, felt hjortevilt eller liknande. Brukarane må i staden planleggje ut i frå at naturreservatet ikkje er tilgjengeleg for motoriserte køyretøy.

Også køyring på vinterføre kan føre til varige endringar i vegetasjonsdekket på myr, anten det skuldast samanpressing av snøen, eventuelt også av mosesjiktet, eller anna. Løyve til køyring på vinterføre vil difor normalt vere avgrensa til tilfelle der ein har eit djupt og frose snødekke, eller der køyringa er avgrensa til slitasjesterk fastmark. Eventuell køyring på vinterføre vil truleg i hovudsak vere knytt til skjøtselstiltak, spesielt til fjerning av gran, og forvaltingsstyresmakta bør vere nøye med å unngå å setje spor.

For motorferdsel i samband med vedlikehald av kraftlinjer, sjå kap. 4.6.

4.6. Energi- og kraftanlegg

Status

Tre kraftlinjer kryssar reservatet per i dag. I tillegg vil 420 kV-lina som er under oppføring gå gjennom reservatet.

Rammer og regelverk

Verneforskrifta er i utgangspunktet til hinder for kraftanlegg, jamfør § 3 punkt 3 "Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet...". Samstundes er reglane i § 3 ikkje til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande kraftlinjer (jf. § 4 punkt 7a).

Ved akutt straumutfall kan feilretting iverksetjast med ein gong med utstyr og motorferdsel som situasjonen krev, utan særskilt løyve (jf. § 4 punkt 7b). Kraftselskapet har ei generell plikt om aktsemd både etter verneforskrifta, naturmangfaldlova og etter energilovforskrifta av 07.12.1990. Etter denne typen arbeid skal Fylkesmannen orienterast snarast mogleg i etterkant av arbeidet. Ved planlagt vedlikehald krev bruk av motorisert transport særskilt løyve jf. § 5 nr. 1.

Arbeid med oppgradering/fornyng av kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt kan gjerast så sant dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet (jf. § 4 punkt 7c). Oppgradering/fornyng som ikkje fell inn under § 4 nr. 7 bokstav c må det søkjast særskilt løyve for.

Retningsliner for forvaltinga

Ved eventuelt vedlikehaldsarbeid eller oppgradering/fornyng av kraftlinene kan Fylkesmannen stille nærare krav til korleis arbeidet i naturreservatet skal gjennomførast, for å unngå skade på terreng og vegetasjon, eller forstyrring av dyreliv.

Ved linarydding (rydding av linetrasé) vil Fylkesmannen krevje at all vegetasjon som vert fjerna, vert teken ut av naturreservatet. Vidare bør det av omsyn til hekkande fugl ikkje foregå slikt arbeid i perioden 15. april – 15. juli.

Om det skulle oppstå trong for motorisert ferdsel i samband med vedlikehaldsarbeid, vil Fylkesmannen stille strenge krav til gjennomføringa, m.a. når det gjeld alternative måtar å få arbeidet gjort. Vedlikehaldsarbeid som kan skje på frosen og snødekt mark, og som tiltakshavar er i stand til å vite om i god tid på førehand, bør visast til eigna årstid.

Fylkesmannen oppmodar kraftselskapa om å fjerne kraftliner frå reservatet når dette måtte vere aktuelt i samband med oppgradering/fornyng.

4.7. Båtopplag

Status

I reservatet ligg det ein båt i opplag ved Eikevolltjørna.

Rammer og regelverk

Det er i utgangspunktet eit forbod mot opplag av båt innanfor grensene til naturreservatet, jf. § 3 punkt 3 i verneforskrifta. Verneforskrifta § 5 punkt 5 gir likevel høve til å søkje om dispensasjon frå forbodet.

Retningsliner for forvaltinga

Det vert lagt opp til at bruken av eksisterande båtopplag kan vidareførast så lenge dette ikkje truar verneverdiane. Det er ikkje ønskjeleg med nye/fleire opplag av båtar i naturreservatet.

5. Forvaltning

5.1. Praktisering av dispensasjonsheimlane i verneforskrifta

I verneforskrifta § 3 er det lista opp kva tiltak og aktivitetar som i utgangspunktet er forbodne innafor vernegrensene. Det er unntak i verneforskrifta for ein del tiltak og aktivitetar som kan gjennomførast utan å søkje om løyve. Desse unntaka går fram av verneforskrifta § 4. Andre tiltak og aktivitetar må det søkjast om løyve for. Aktuelle heimlar i verneforskrifta og naturmangfaldlova for å gjennomføre tiltak og aktivitetar i Eikevolltjønnyra naturreservat er utdjupa nedanfor. Nokre av tiltaka og aktivitetane som krev søknad, er nærare omtalte i kapitlet om brukarinteresser.

Spesifisert dispensasjonsheimel

I verneforskrifta § 5 er det lista opp tiltak som forvaltingsstyresmakta *kan* vurdere å gje løyve til:

1. *Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nummer 3, 6 og 7 a og c.*
2. *Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.*
3. *Hogst, og naudsynt motorferdsel i samband med dette.*
4. *Avgrensa bruk av reservatet som nemnt i § 3 nummer 5.*
5. *Opplag av båtar.*
6. *Vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.*
7. *Vedlikehald av grøfter som drenerer eksisterande dyrka mark.*
8. *Vedlikehald av utløp frå Eikevolltjørna og vassløp mellom tjørnene for å oppretthalde stabilt vassnivå i tjørnene.*
9. *Oppgradering/fornyng av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 nr. 7 bokstav c.*

Generell dispensasjonsheimel

Naturvernlova av 1970 er avløyst av "Lov om forvaltning av naturens mangfold" (naturmangfaldlova) frå 1.7.2009. I følgje overgangsregelen i § 77 i naturmangfaldlova gjeld framleis eldre verneforskrifter. Likevel gjeld naturmangfaldlova § 48 i staden for den generelle dispensasjonsheimelen i gamle verneforskrifter (for Eikevolltjønnyra naturreservat § 7). Dette tyder at søknaden om dispensasjon ikkje skal handsamast etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ 7), men etter reglane i § 48 i naturmangfaldlova. Den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ 5) gjeld derimot framleis.

Naturmangfaldlova § 48 (dispensasjon fra vernevedtak):

"Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på at verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltingsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltingsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.”

Av teksten ovanfor går det fram at naturmangfaldlova § 48 opnar for at det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje kjem i strid med formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggingssyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

Vilkåret om at tiltaket “*ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*” inneber at dispensasjonstilgangen er snever. Dette gjeld i første rekkje bagatellmessige inngrep eller forbigåande uroing som har stor verdi for søkjar, men som ikkje fører til nemneverdig ulempe for verneverdiane. Dersom det er usikkert kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet, bør føre-var-prinsippet leggjast stor vekt på.

Eit anna vilkår er at tiltaket “*ikke strider mot vernevedtakets formål*”. Her må det vurderast om tiltaket er i strid med formålet slik det er formulert i § 3 i verneforskrifta. Denne dispensasjonsheimelen er ein “sikkerheitsventil” som skal fange opp uføresette tilfelle eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet. Det må her leggjast vekt på at verneformålet ikkje skal verte svekka på sikt ved ei bit-for-bit-forvaltning, ved at mange mindre inngrep/hendingar kan få store konsekvensar for verneformålet i sum.

Dispensasjon av omsyn til “*vesentlige samfunnsinteresser*” i naturmangfaldlova § 48 er ei vidareføring av tilsvarande dispensasjonsheimel i verneforskrifta. Dette gjeld tiltak der heilt særskilde omstende føreligg, jf. omgrepet “*vesentleg*”, og er primært berre aktuelt for tiltak av nasjonal interesse. Døme kan vere ledd i nasjonalt viktig infrastruktur. I praksis er denne heimelen lite brukt, då ei forskriftsendring (med ei formell høyring) gjerne er eit betre alternativ.

Dispensasjon når “*sikkerhetshensyn gjør det nødvendig*” er ein ny heimel i naturmangfaldlova. Det vert her sikta til m.a. sikkerheit for liv og helse, smittsame sjukdommar frå dyr og trygging mot omfattande og direkte skade på eigedom. Generelt er slike sikringstiltak lite aktuelle i myrreservata i Sogn og Fjordane.

Formuleringa om dispensasjon for “*vitskaplege granskingar*” i verneforskrifta § 7 er ikkje vidareført i naturmangfaldlova. Slike saker skal vurderast etter dispensasjonsheimelen for tiltak som “*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*” i § 48. Dette gjeld då i fyrste rekkje dispensasjonar som er nødvendige for forskning. Nyten av granskingane eller forskingsprosjektet skal i kvart tilfelle vurderast opp mot dei ulempene forskinga inneber. Forskingsaktivitet som ikkje treng å verte lagd til eit verneområde, bør skje utanfor verneområdet.

5.2. Sakshandsaming ved dispensasjonssøknadar

Søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal vere skriftlege og skal sendast (som brev eller e-post) til forvaltingsstyresmakta (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), som avgjer om det skal gjevast løyve. Det kan berre gjevast dispensasjon dersom det finst heimel for det i verneforskrifta (§ 5) eller i § 48 i naturmangfaldlova.

Naturmangfaldlova § 48 inneheld særskilde krav til søknader og grunngjeving av dispensasjonar gitt etter dei generelle dispensasjonsreglane. Det går fram at søknader i tillegg til utgreiing av tiltaket skal innehalde nødvendig dokumentasjon om verknaden tiltaket vil få for verneverdiane. I røynda er det i mange tilfelle forvaltingsstyresmakta sjølv (her Fylkesmannen) som er best i stand til å vurdere dette, og ein kan ikkje forvente at enkeltpersonar har god nok kompetanse til å gjere ei slik vurdering. Tiltakshavaren si plikt må då vere å gjere best mogleg greie for kva tiltaket går ut på, i form av tekniske løysingar, trasear, praktisk gjennomføring m.m., og ulike alternativ som kan tenkjast for å oppnå formålet med tiltaket. Dispensasjonsvedtak skal innehalde ei grunngjeving som viser korleis forvaltingsstyresmakta har vurdert verknadene som dispensasjon kan få for verneverdiane, og kva vekt det er lagt på dette.

Ved vurderingar som har bakgrunn i verneforskrifta skal bakgrunnen for opprettinga av verneområdet tilleggast stor vekt. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan få for naturmiljøet/verneverdiane, vil føre-var-prinsippet bli tillagt stor vekt, særleg dersom det er snakk om moglege irreversible verknader. I naturmangfaldlova §§ 8-12 er det, i tillegg til føre-var-prinsippet, fastsett fleire prinsipp som skal brukast ved handsaming av enkeltsaker.

Når det vert gitt løyve til tiltak eller aktivitetar i naturreservatet vert det vanlegvis knytt vilkår til løyvet, for m.a. å motverke moglege skadeverknader. Skriftleg løyve skal takast med ved opphald/ferdsel i verneområdet, og kunne visast fram på førespurnad. Ein enkel rapport om tiltaket skal sendast til Fylkesmannen i ettertid, slik at forvaltingsstyresmakta får oversikt over tiltak som er gjennomførde i verneområdet.

Dersom dispensasjon vert gitt, vil dispensasjonen berre gjelde i forhold til verneforskrifta. Den som får løyvet må sjølv syte for å avklare tiltaket etter anna lovverk med eventuelle andre styresmakter og grunneigarar. Dette gjeld t.d. ved motorferdsel, der ein må søkje kommunen om løyve etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Fylkesmannen si avgjerd på søknad om dispensasjon kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse, med ein frist på tre veker. Klagen skal sendast til Fylkesmannen, som også kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klagen til følgje, vert saka send vidare til DN for endeleg avgjerd.

Når det kjem fram ny kunnskap, t.d. gjennom kartlegging av naturkvalitetar, er det naudsynt å ta omsyn til dette i vidare forvaltning, og få det innarbeidd i forvaltingsplanen når denne vert revidert.

5.3. Grensemerking og skilting

Grensene for naturreservatet skal merkjast i terrenget ved at knekkpunkta vert merkte med vernegrensebolt. På stader med mye ferdsel kan det også vere aktuelt å setje opp skilt som viser at ein går inn i naturreservatet. Sjølv om forvaltingsstyresmakta i følgje

naturmangfaldlova har rett til å setje opp slike skilt i eit verneområde, er det viktig at plasseringa skjer i samråd med grunneigarane og andre som kjenner og bruker området. På den måten kan ein best mogleg sikre både at skilta kjem på dei plassane der dei vil gjere mest nytte, og at dei ikkje vert til ulempe for ferdsel, eventuell skjøtsel, etc.

Ved tvil om kor grensa for naturreservatet går, bør ein kontakte Statens naturoppsyn (SNO) eller Fylkesmannen.

5.4. Oppsyn

Statens naturoppsyn (SNO) skal føre kontroll med at verneforskrift og vilkår i dispensasjonsvedtak vert overhaldne. I tillegg skal SNO kunne følgje med på utviklinga i verneområdet, både når det gjeld naturtilstanden og bruken av området.

SNO blei oppretta med heimel i Lov om naturoppsyn av 21.06.96 og skal ivareta nasjonale miljøvernoppgåver og førebyggje miljøkriminalitet. Lov om statlig naturoppsyn heimlar naturoppsyn innanfor følgjande særlovar: Naturmangfaldlova, friluftsløva, motorferdsellova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfisklova og delar av ureiningslova.

Hovudkontoret til SNO ligg i Trondheim, med besøksadresse Brattørkaia 15, 7010 Trondheim, og telefonnummer 73 58 05 00. SNO har over 60 lokalkontor spreidde over heile landet. Det er lokalkontoret i Florø, ved Tore Gundersen, som har Eikevolltjønmyra naturreservat som ansvarsområde. Adressa er SNO Florø, Kinnveien 26, 6900 Florø, e-postadressa er tore.gundersen@dirnat.no og telefonnummeret 57 74 18 92 / 970 05 288.

6. Oppfølging og tiltak

6.1. Overvaking av bevaringsmål

Overvaking og oppfølging av bevaringsmål vil saman med oppsyn vere sentrale reiskapar i oppgåva med å halde oversikt over naturtilstanden i naturreservatet. Ei regelmessig overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å vurdere tilstand og eventuelt behov for tiltak.

Bevaringsmåla skal følgjast opp med regelmessig overvaking etter standardisert metode. Fylkesmannen har hovudansvaret for overvaking av bevaringsmåla i verneområdet, men det er SNO som vil stå for den praktiske gjennomføringa. Utvikling og tilstand til bevaringsmåla skal evaluerast av Fylkesmannen og tiltak setjast inn om nødvendig.

6.2. Skjøtsel

Ut i frå noverande kunnskap om området, prioriterer Fylkesmannen følgjande tiltak i Eikevolltjønnyra naturreservat:

Fierning av gran. Bør skje så snart som mogleg av omsyn til å redusere skadeverknader på naturleg vegetasjon og prosessar etter som granene veks seg større. Før dei vert fjerna, skal grunneigarane få høve til å avgjere om dei er interesserte i å ta ut trea sjølve i løpet av den næraste tida, til ved eller anna. Grana bør som utgangspunkt vere vekke frå reservatet innan utgangen av 2015. Framdrifta bør likevel tilpasse seg tilgjengelege vinterdriftstilhøve (dersom uttransport er aktuelt), eventuelle ønske om deltaking/vyrkesutnytting frå grunneigarane, m.m. Ved all fjerning/drift av gran må det leggast vekt på å unngå skade på kringliggjande vegetasjon og terreng, der også fare for trakkslitasje på beresvak mark i samband med arbeidet må telje med.

Det er Fylkesmannen som har ansvaret for fjerning av gran, med mindre grunneigarane ønskjer å gjere det sjølve. Sjølv om skjøtsel ikkje høyrer til kjerneoppgåvene til Statens Naturoppsyn (SNO). har lokalt SNO dei siste åra fått ei viktig rolle også i skjøtsel av naturreservat i Sogn og Fjordane. Lokalt SNO har opparbeidd kompetanse på fjerning av granfelt, og Fylkesmannen tilrår difor at dei får tildelt ansvaret for fjerning av gran i Eikevolltjønnyra etter samråd med grunneigarar.

Grunneigarane skal så langt mogleg varslast i førekant av skjøtselstiltak (sjå naturmangfaldlova § 47). På den måten kan ein unngå at tiltaka vert gjennomførde på måtar som skapar unødige vanskar for brukarane. Ein kan oppnå at ressursar vert betre utnytta, og at forvaltinga kan nyte godt av røynslar og lokalkunnskap som grunneigarane har.

6.3. Behov for vidare undersøkingar

Fylkesmannen ser det som interessant å få meir kunnskap om myrkomplekset i Eikevolltjønnyra. Nasjonalt arbeider miljøvernstyremaktene for at høgmyr skal få status som utvald naturtype etter naturmangfaldlova kap. VI. På oppdrag frå styremaktene har difor NTNU Vitskapsmuseet nyleg lagt fram fagrapportar om både høgmyr i innlandet og oseanisk nedbørsmyr (Moen m. fl. 2011), der status og utvikling for desse naturtypene er diskutert, med framlegg til nasjonal oppfølging. Kunnskapsmangel er eit grunnleggjande problem som forfatarane peikar på, og eit av dei tilrådde oppfølgingstiltaka er difor både å få betre totaloversikt over desse naturtypene, og å undersøkje kjende lokalitetar i meir detalj. For Eikevolltjønnyra er det ønskeleg med meir kunnskap om opptørkingsprosessar og auka trevekst.

Miljøfaglig Utredning foreslår mogleg slått eller beite av fuktenga i nordaust. Fylkesmannen ønskjer å undersøkje nærare om det bør avgrensast eit særskilt område med tanke på skjøtsel for å hindre attgroing. Dette bør i tilfelle vere areal som har spesielle planteførekomsstar som er viktige å ta vare på eller som skil seg ut på annan måte.



Fuktenga nordaust i reservatet. Foto: Miljøfaglig Utredning

6.4. Informasjon og tilrettelegging

Informasjon ut over skiltinga og grensemerkinga som er omtalt i kap. 5.3 kan gjerast i form av ei informasjonstavle oppsett på ein passende plass i nærleiken av verneområdet. Parkeringa ved avkøringa til fylkesveg 615 peiker seg ut som den mest aktuelle plasseringsstaden, men også Dalavegen er eit mogleg alternativ. Utplassering av slike tavler må avklarast med grunneigarar og Statens Vegvesen.

7. Referansar

- Amundsen, C. E., French, H., Haaland, S., Pedersen, P. A., Riise, G. & Roseth, R. 2008. Salt SMART. Miljøkonsekvenser ved salting av veger – en litteraturgjennomgang. Rapport nr. 2535. Statens vegvesen.
- Anonby, J. 2001. Framlegg til verneplan for myr i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 4-2001. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Bevanger, K. 2011. Kraftledninger og fugl. Oppsummering av generelle og nettspesifikke problemstillinger. NINA Rapport 674.
- Bevanger, K. & Refsnæs, S. 2013. Kamouflering av kraftledninger. Evaluering av økologiske og tekniske implikasjoner. NINA Rapport 878.
- Direktoratet for naturforvaltning. 2001. DN-håndbok 17-2001.
- Fernie, K. J. & Reynold, S. J. 2005. The effects of electromagnetic fields from power lines on avian reproductive biology and physiology: a review. *Journal of Toxicology and Environmental Health, Part B*, 8: 127–140.
- Fjeldstad, H. & Gaarder, G. 2005. Eikevolltjønnyra naturreservat. Forslag til forvaltingsplan. Miljøfaglig Utredning.
- Flatberg, K. I. 1976. Myrundersøkelser i Sogn og Fjordane og Hordaland i forbindelse med den norske myrreservatplanen. *K. Norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapport Botanisk serie*. 1976-8:1-112.
- Foredrag til Kongeleg resolusjon til verneplan for myr i Sogn og Fjordane fylke, datert 18.06.2004.
- Gaarder, G. (red.) 2009. Biologisk mangfold i Flora kommune. Miljøfaglig Utredning. Rapport 2009:57.
- Haavik, A. 2013. Handlingsplan mot framande skadelege artar i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 5-2013. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Moen, A., Lyngstad, A. & Øien, D-I. 2011. Kunnskapsstatus og innspill til faggrunnlag for oseanisk nedbørsmyr som utvalgt naturtype. Rapport botanisk serie 2011-7. NTNU, Vitenskapsmuseet.
- Singsaas, S. & Moen, A. 1985. Regionale studier og vern av myr i Sogn og Fjordane. *K. Norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapport Botanisk serie*. 1985-1:1-74
- Ålbu, Ø. 1983. Kraftlinjer og fugl. *K. Norske Vidensk. Rapport Zoologisk serie*. 1983-8:1-60.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Verneforskrift

Forskrift om verneplan for myr i Sogn og Fjordane, vedlegg 11, freding av Eikevolltjønmyra naturreservat, Flora kommune, Sogn og Fjordane.

Fastsett ved kgl.res. 18. juni 2004 med heimel i lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremma av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Reservatet gjeld følgjande gnr./bnr.: 60/1, 60/5, 60/9 i Flora kommune.

Reservatet dekkjer eit totalareal på 135 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5.000 dagsett Miljøverndepartementet juni 2004. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal avmerkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og fredingsforskrifta er tilgjengeleg i Flora kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fylke, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Føremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit låglandsmyrkompleks med et mangfald av myr- og vegetasjonstypar med tilhørande naturleg plante- og dyreliv. Området femnar om både ei velutvikla høgmyr, fattige og intermedieære flatmyrar, og ulike habitat knytte til vassig og tjørner.

§ 3. Vernereglar

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting eller såing er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyreartar må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og varige og midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, gjerde, jordkablar eller kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.
4. Motorisert ferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift forby eller regulere ferdsla i heile eller delar av naturreservatet.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande vegar er forbode.

7. Bålbrenning er forbode.

§ 4. Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsærend, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Øvingskøyring i samband med slike føremål krev særskilt løyve.

Reglane i § 3 pkt. 1-3 er ikkje til hinder for:

2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt i samsvar med viltlova.
4. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfisklova.
5. Beiting. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneføremålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av naturreservatet.
6. Vedlikehald av bygningar og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
7.
 - a. Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg. Bruk av motorisert transport krev særskilt løyve jf. § 5 nr. 1.
 - b. Naudsynt istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltingsstyresmakta.
 - c. Oppgradering/fornyng av kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet.

§ 5. Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nummer 3, 6 og 7 a og c.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdseisvegar.
3. Hogst, og naudsynt motorferdsel i samband med dette.
4. Avgrensa bruk av reservatet som nemnt i § 3 nummer 5.
5. Opplag av båtar.

6. Vedlikehold og skjøtsel av kulturminne.
7. Vedlikehold av grøfter som drenerer eksisterande dyrka mark.
8. Vedlikehold av utløp frå Eikevolltjørna og vassløp mellom tjørnene for å oppretthalde stabilt vassnivå i tjørnene.
9. Oppgradering/fornyng av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 nr. 7 bokstav c.

§ 6. Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det kan utarbeidast forvaltingsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 7. Generelle dispensasjonsreglar *

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, for vitskaplege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

§ 8. Forvaltingsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltingsmynde etter denne forskrifta.


§ 9. Iverksetjing

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

* Paragraf 7 er avløyst av paragraf 48 i naturmangfaldlova (sjå side 27 i forvaltingsplanen)

Vedlegg 2 - Vernekart

Kopien av vernekartet er ikkje i rett målestokk.



Vedlegg 3 – Artslister

Artslista for fugl er basert på observasjonar gjort i samband med Fylkesmannen sine synfaringar i naturreservatet. Artslistene for karplantar og mosar er baserte på Flatberg (1976). Raudlistekategori er henta frå den norske raudlista frå 2010.

Fuglar

Norsk namn	Latinsk namn	Raudlistekategori
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	-
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	-
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	-
Granmeis	<i>Poecile montanus</i>	-
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	-
Grønfinnk	<i>Carduelis chloris</i>	-
Grønsisik	<i>Carduelis spinus</i>	-
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	-
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	-
Gråsisik	<i>Carduelis flammea</i>	-
Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	-
Kjøttmeis	<i>Parus major</i>	-
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	-
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	-
Raudvengtrast	<i>Turdus iliacus</i>	-
Sangsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	-
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	-
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	-
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	NT
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	-
Svartrast	<i>Turdus merula</i>	-
Trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	-

Karplantar

Art	Latin	Raudlistekategori
Bakkerapp	<i>Poa pratensis</i>	-
Bekkeblom	<i>Caltha palustris</i>	-
Bekkestjerneblom	<i>Stellaria alsine</i>	-
Bjønnskjegg	<i>Trichophorum cespitosum</i>	-

Bjørk	<i>Betula pubescens</i>	-
Bjørnekam	<i>Blechnum spicant</i>	-
Blokkebær	<i>Vaccinium uliginosum</i>	-
Blystorr	<i>Carex livida</i>	-
Blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>	-
Blåfjør (underart storblåfjør)	<i>Polygala vulgaris vulgaris</i>	-
Blåknapp	<i>Succisa pratensis</i>	-
Blåtopp	<i>Molinia caerulea</i>	-
Brunmyrak	<i>Rhynchospora fusca</i>	-
Bråtestorr	<i>Carex pilulifera</i>	-
Bukkeblad	<i>Menyanthes trifoliata</i>	-
Dikesoldogg	<i>Drosera intermedia</i>	-
Dystorr	<i>Carex limosa</i>	-
Einer	<i>Juniperus communis</i>	-
Elvesnelle	<i>Equisetum fluviatile</i>	-
Engkarse	<i>Cardamine pratensis</i>	-
Engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>	-
Flaskestorr	<i>Carex rostrata</i>	-
Flekkmarihand	<i>Dactylorhiza maculata</i>	-
Furu	<i>Pinus sylvestris</i>	-
Gran	<i>Picea abies</i>	-
Grøftesoleie	<i>Ranunculus flammula</i>	-
Grønstorr	<i>Carex demissa</i>	-
Gråor	<i>Alnus incana</i>	-
Gråstorr	<i>Carex canescens</i>	-
Gul nykkerose	<i>Nuphar lutea</i>	-
Heisiv	<i>Juncus squarrosus</i>	-
Hesterumpe	<i>Hippuris vulgaris</i>	-
Hundekvein	<i>Agrostis canina</i>	-
Kildeurt	<i>Montia fontana</i>	-
Klokkelyng	<i>Erica tetralix</i>	-
Knappsiv	<i>Juncus conglomeratus</i>	-
Kornstorr	<i>Carex panicea</i>	-
Kvassbunke	<i>Deschampsia cespitosa</i>	-
Kvit nykkerose	<i>Nymphaea alba</i>	-
Kvitlyng	<i>Andromeda polifolia</i>	-

Kvitmyrak	<i>Rhynchospora alba</i>	-
Kystmyrklegg	<i>Pedicularis sylvatica</i>	-
Kysttjørnaks	<i>Potamogeton polygonifolius</i>	-
Myrfiol	<i>Viola palustris</i>	-
Myrhatt	<i>Comarum palustre</i>	-
Myrkråkefot	<i>Lycopodiella inundata</i>	-
Myrmaure	<i>Galium palustre</i>	-
Myrmjølke	<i>Epilobium palustre</i>	-
Myrtistel	<i>Cirsium palustre</i>	-
Nykkesiv	<i>Juncus stygius</i>	-
Pors	<i>Myrica gale</i>	-
Risbjørk	<i>Betula nana</i>	-
Rogn	<i>Sorbus aucuparia</i>	-
Rome	<i>Narthecium ossifragum</i>	-
Rundsoldogg	<i>Drosera rotundifolia</i>	-
Røsslyng	<i>Calluna vulgaris</i>	-
Selje	<i>Salix caprea</i>	-
Sivblom	<i>Scheuchzeria palustris</i>	-
Skogstjerne	<i>Trientalis europaea</i>	-
Skrubbær	<i>Chamaepericlymenum suecicum</i>	-
Sløke	<i>Angelica sylvestris</i>	-
Smalsoldogg	<i>Drosera anglica</i>	-
Småpiggnopp	<i>Sparganium natans</i>	-
Småstorr	<i>Carex nigra</i>	-
Småtranebær	<i>Oxycoccus microcarpus</i>	-
Stormarimjelle	<i>Melampyrum pratense</i>	-
Stormyrull	<i>Eriophorum angustifolium</i>	-
Stri kråkefot	<i>Lycopodium annotinum</i>	-
Sumpmaure	<i>Galium uliginosum</i>	-
Sumpsiv	<i>Juncus bulbosus</i>	-
Sveltstorr	<i>Carex pauciflora</i>	-
Tepperot	<i>Potentilla erecta</i>	-
Torvmyrull	<i>Eriophorum vaginatum</i>	-
Trollhegg	<i>Frangula alnus</i>	-
Trådstorr	<i>Carex lasiocarpa</i>	-

Tyttebær	<i>Vaccinium vitis-idaea</i>	-
Vendelrot	<i>Valeriana sambucifolia</i>	-
Ørevier	<i>Salix aurita</i>	-

Mosar

Art	Latin	Raudlistekategori
Bjørnetorvmose	<i>Sphagnum lindbergii</i>	-
Blanktorvmose	<i>Sphagnum subnitens</i>	-
Bleiktorvmose	<i>Sphagnum flexuosum</i>	-
Blåmose	<i>Leucobryum glaucum</i>	-
Broddtorvmose	<i>Sphagnum fallax</i>	-
Dvergtorvmose	<i>Sphagnum tenellum</i>	-
Fagertorvmose	<i>Sphagnum pulchrum</i>	-
Feittmose	<i>Aneura pinguis</i>	-
Flotorvmose	<i>Sphagnum inundatum</i>	-
Fløyelstorvmose	<i>Sphagnum molle</i>	-
Furumose	<i>Pleurozium schreberi</i>	-
Furutorvmose	<i>Sphagnum capillifolium</i>	-
Grantorvmose	<i>Sphagnum girgensohnii</i>	-
Grasmose	<i>Straminergon stramineum</i>	-
Grassigd	<i>Dicranum angustum</i>	VU
Heigråmose	<i>Racomitrium lanuginosum</i>	-
Heitorvmose	<i>Sphagnum strictum</i>	-
Kjøtt-torvmose	<i>Sphagnum magellanicum</i>	-
Kysttorvmose	<i>Sphagnum austinii</i>	-
Lurvtorvmose	<i>Sphagnum majus</i>	-
Lyngtorvmose	<i>Sphagnum quinquefarium</i>	-
Raudtorvmose	<i>Sphagnum rubellum</i>	-
Rusttorvmose	<i>Sphagnum fuscum</i>	-
Stivtorvmose	<i>Sphagnum compactum</i>	-
Tvaretorvmose	<i>Sphagnum russowii</i>	-
Vasstorvmose	<i>Sphagnum cuspidatum</i>	-
Vortetorvmose	<i>Sphagnum papillosum</i>	-